

SIM Kulturmeistringssenter i Åsane
v/Tertnes Kvinne- og famielag
Eldbjørg Gunnarson
Morviklien 23
5124 Morvik

Tertnes, 28. oktober 2014

Hordaland Fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga v/M.O. Askvik
Pb. 7900
5020 Bergen

**TILDELING AV TILSKOTT TIL FRIVILLIG FLEIRKULTURELL VERKSEM I LOKALSAMFUNN –
søknad om utbetaling av tildelt tilskott, kr. 25.000,-.**

Dykkar ref. 2014/10299-140, dat. 19.6.14

SIM Kulturmeistringssenter i Åsane takkar for tildeling i 2014, og viser til e-post av 5.9. og telefonkontakt med Marianne Ose Askvik i oktober.

Som sagt, har SIM aktivitet heile året. Faste driftsutgifter er husleige i "Helselagshuset" i Eidsvåg, kr. 1.750,- pr. måned. Vi brukar huset til samlingar både for vaksne med born, til ungdom og til dialogforum (sjå søknad). På grunn av sjukdom har det det vore noko uregelmessig aktivitet dette året.

SIM har hittil i 2014 hatt fylgjande opne tilskipingar:

- Markering av Den internasjonale morsmålsdagen 21.2. ved Tårnfoten og inne i Åsane senter, med utdeling av flygeblad.
- Markering av Grunnlovsjubileet i samarbeid med Åsane folkeakademi.
- Ope møte om morsmålsopplæring 17.9.
- Planlagt møte i høve FN's dag mot vold mot kvinner 25.11. i samarbeid med fleire organisasjonar.

Våren 2014 samarbeidde prosjektleiar med Åsane bibliotek om Språkkafe på biblioteket.

SIM deltok på FN-sambandets arrangement "Internasjonal miljødag" med stand og kulturinnslag.

Prosjektleiar har særleg i vår drive mykje med rådgjeving til valdsutsette kvinner.

SIM har i 2014 fått noko økonomisk stønad frå fleire kjelder. Vi har også fått utarbeidd roll-up og faldarar for marknadsføring av tiltaket.

I planlegging av arbeidet i haust, har vi også rekna med tildelinga frå Hordaland Fylkeskommune, og vi ber om å få overført denne. Årsrapport og rekneskap vil bli rapportert etter nyttår.

Med helsing
for SIM Kulturmeistringssenter

Eldbjørg Gunnarson /s/
økonomiansvarlig